

(12) OTTE-SONG

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

Morgonen då Synnøve førde sin far Otte til alters
for signing som fri mann

Det ligg mor-gon-dis ov-er fjor-den i-dag, men i kyr-kje-spir-et glør sol, og
bak-ka-ne grøn-ast mot kvit-kled-de fjell og him-lens kvel-ving er stor. Ein
dag smyg seg still-samt i høg-as-te rand, og skug-gar driv i-frå land.

Det ligg morgondis over fjorden i dag,
men i kykjespiret glør sol,
og bakkane grønast mot kvitklede fjell
og himlens kvelving er stor.
Ein dag smyg seg stillsamt i høgaste rand
og skuggar driv ifrå land.

Den låg tung og svart, denne fælslege natt,
sjølv styggemannen gjekk laus;
fann mistru for rettferd, og myrkje for ljøs,
og songen smerteleg taus.
Men trua stod trassig og rakrygga mot
og kravde plass for si rot.

Denne tru er sterk, denne rota er vår,
vi skal plante sælebots tre
og trea skal vekse og titt bære frukt
og Herrens vilje vil skje.
No solkvervast dimma og lettar sitt slør
og kyrkja opnar si dør.